

Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Herøy kommune for tilskotsåret 2027.

Fastsett av Kommunestyret i Herøy kommune (*dato*) med heimel i [lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager \(barnehageloven\)](#) §§ 19 og 19 a og Forskrift 23. mars 2026 om finansiering av private barnehager (finansieringsforskrifta) § 1, jf. § 6.

§ 1. Verkeområde og iverksetting

Forskrifta fastset satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Herøy kommune for tilskotsåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19, første og andre ledd.

Forskrifta trer i kraft 01.01.2027.

§ 2. Satsar for grunntilskot

Ved berekning av grunntilskot til private barnehagar vert følgjande satsar per heiltidsplass nytta.

Ordinære barnehagar:

Barn 0 -2 år: 276 896 kr

Barn 3 – 6 år: 148 195 kr

§ 3. Berekningsgrunnlaget og atterhald om endringar

Satsane er berekna på grunnlag av det siste tilgjengelege kommunerekneskapen som er rekneskapsåret 2025.

For ordinære barnehagar er satsane berekna ut frå kommunen sine ordinære driftsutgifter i tilsvarande kommunale barnehagar, med dei frådraga og påslaga som kjem som følgje av Lov om barnehager § 19 a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå utrekningsgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator (forventa pris- og lønsvekst i kommunesektoren).

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- Nasjonale myndigheiter vedtek endringar i lov og forskrift i løpet av tilskotsåret som medfører endringar i berekning av satsar

Eventuelle justeringar av satsar på grunn av forhold som er nemnt over, vert gjort administrativt utan varsel på førehand jf. forvaltningslova § 37, fjerde ledd, bokstav c. Justerte satsar vert formidla til private barnehagar og forskrifta vert oppdatert utan unødig opphald.

§ 4. Dokumentasjon på utrekninga

Berekninga av satsane er gjort i samsvar med gjeldande regelverk. Dokumentasjonen er utarbeida i samsvar med rettleiar utarbeida av KS/PBL. Berekninga av satsane kjem fram av dokumentasjon som er publisert på kommunen si heimeside, og reknearket er sendt per e-post til den einkilde private barnehage i Herøy.

§ 5. Forholdet til enkeltvedtak om kommunalt tilskot

Denne forskrifta fastset satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar. Tilskotet til den einkilde private barnehage vert fastsett som enkeltvedtak etter Lov om barnehager §§ 19 a – c, og finansieringsforskrifta § 3.